

**Fra:** Leif Arne Økland <lo799@kyrkja.no>

**Sendt:** 18.08.2023 09:33:00

**Til:** Berit Karin Rystad <berit.karin.rystad@fedje.kommune.no>

**Kopi:** Evy Beate Uthaug <eu568@kyrkja.no>

**Emne:** Notat vedk ansvarsdelinga mellom soknet og kommunen

---

Hei og takk for i går.

Eg legg ved eit notat med henvisning til regelverket om ansvarsdelinga mellom soknet og kommunen vedk driften av kyrkja.

Tilsvarande gjeld også for gravplassane.

Det er ikkje like lett å halda tunga beint i munnen når det gjeld dette og reglane er i utgangspunktet kanskje litt overraskande og ikkje like lett å forstå.

Du har nok rett i at desse er eit resultat av svært gamle tradisjonar. Likevel er det meste av dette vidareført i det nyaste lovverket (sjå notatet).

Frå reformasjonen si tid og fram til i dag har ansvarsdelinga vore slik at staten har sørge for presteressursen og soknet har stilt med kyrkja og gravplassane. Dette er ei todeling som også er gjeldande i dag. Etter skiljet mellom kyrkje og stat (rundt 2010), er likevel lovverket utforma slik at kommunen har det samme økonomiske ansvaret for drifta av den lokale kyrkja som før. Dette heng saman med at det politiske forliket som vart inngått skulle sikra ei landsdekkande nasjonal folkekyrkje.

Når det gjeld kontor til kyrkja sin administrasjon, så er kommunen pliktig til å leggja til rette for dette.

Når vi har hatt kontor i kommunen sitt bygg, har det gitt ei meining å betala husleige til kommunen.

Likevel er det slik at for å ha midlar til å dekke denne husleiga så har kommunen via driftstilskotet måtta gje soknet nok midlar til at vi har hatt råd til å betala denne. Ein kan seia at kommunen då gir med eine handa og tek inn igjen det samme med den andre. Ein annan variant (om vi framleis skulle hatt kontor i eit kommunalt bygg) kunne vore at vi leigde utan kostnad, men at vi hadde eit tilsvarande trekk på driftstilskotet som ville vore identisk med husleiga.

Om vi skulle leigd lokale ein annan stad og hos ein ekstern part, måtte kommunen ha kompensert for denne kostnaden gjennom driftstilskotet.

No ønskjer vi å kunna ha kontor i kyrkja. Det vil ikkje generera husleige. Ved at vi får kontor ein annan stad enn på kommunehuset, så vil vi få kostnader på breibandstilknytninga. Eg vil likevel tru at nettilknytning via IKT Nordhordland vil kunna gje soknet ei løysing som er bra og rimeleg for begge partar, sidan vi forhåpentlegvis kan nytta oss av kommunen sine avtalar på it.

Vonar dette var oppklarande.

Mvh

Leif Arne Økland

Kyrkjeverje Austrheim og Fedje Sokn

Mi adresse er: [lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)

Kontoradressa er: [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)

